



Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, møterom 367, Fylkeshuset
Dato: 19.03.2014
Tidspunkt: 11:00-15.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------------|-----------|---------------|
| Atle Kvåle | Medlem | A |
| Helge Nævdal | Medlem | A |
| Øyvind Hardeland | Medlem | A |
| Gustav Bahus | Leiar | FRP |
| Inger Signe Ulvund | Medlem | FRP |
| Stein Inge Ryssdal | Medlem | H |
| Eli Årdal Berland | Medlem | H |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Pål Kårbø | Medlem | KRF |
| Jostein Ljones | Medlem | FL SP/MDG |
| Alf Helge Greaker | Nestleiar | V |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------|----------|---------------|
| Anne-Line Innvær | Medlem | A |
| Einar Lutro | Medlem | H |
| Iiril Schau Johansen | Medlem | H |
| Tom Skauge | Medlem | FL SV/R |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------------------|----------------------|---------------|
| Svein Halleraker | Einar Lutro | H |
| Wenche Tislevoll | Iiril Schau Johansen | H |
| Arild Borge | Tom Skauge | FL SV/R |

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

| Frå Hordaland fylkeskommune | Frå Statens vegvesen |
|-----------------------------|----------------------|
| Håkon Rasmussen | Olav Finne |
| Rolf Rosenlund | Kaisa Tonheim Banne |
| Thorbjørn Aarethun | |
| Oddmund Sylta | |

Sakliste

| Utvalls- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|-------------------|---|-----------------|--------|
| PS 27/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 28/14 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 29/14 | Referatsaker (Meldingar) | | |
| RS 21/14 | Trafikksikringstiltak ved skular - svar på oversendingsforslag | 2014/11292 | |
| RS 22/14 | Søknad om statlig støtte og medvirkning til sykkel - VM - Bergen 2017 | 2014/1636 | |
| RS 23/14 | Transaksjonskostnader - svar på oversendingsforslag | 2014/240 | |
| RS 24/14 | Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag | 2014/11435 | |
| RS 25/14 | Infotavler ved vegstenging - Svar på oversendingsforslag | 2014/11439 | |
| RS 26/14 | Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 Melding til samferdselsutvalet A jour 06.03.2014 | 2014/1017 | |
| RS 27/14 | Areal nytta til vegar i tettstader | 2014/12765 | |
| RS 28/14 | Jernbaneverkets handlingsprogram 2014 - 2023 | 2014/626 | |
| RS 29/14 | Kollektivstrategi for Hordaland - invitasjon til fagseminar 9. april 2014 | 2014/278 | |
| RS 30/14 | Oppdragsbrev - KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen. Meldingssak | 2014/230 | |
| RS 31/14 | Årsrapport 2013 for fylkesveger i Hordaland | 2014/12291 | |
| PS 30/14 | Studentrabatt - enkeltbilletter over 7 soner | 2014/13262 | |
| PS 31/14 | Bømlopakken - Gang- og sykkelveg langs Fv 542 Stokkabekken/Siggjarvåg - ny løysing treng godkjenning | 2014/297 | |
| PS 32/14 | Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - utsetjing og vidare framdrift | 2014/230 | |
| PS 33/14 | Utviklingsplan for Skyss 2014 - Rullering | 2014/499 | |
| PS 34/14 | Søknader frå Hordaland fylkeskommune om statlege tilskotsmidlar for 2015 for auka tilgjenge til kollektivtransporten | 2014/43 | |
| PS 35/14 | Søknad om oppretting av 3 nye drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral BA | 2014/11118 | |
| PS 36/14 | Omklassifisering av fylkesvegparcell på Søråshøgda i Bergen kommune til kommunal veg | 2014/11976 | |
| PS 37/14 | Ymse | | |

PS 27/14 Godkjenning av innkalling og sakliste Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 28/14 Godkjenning av møtebok forrige møte Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Vedtak

Møteboka frå møta 22.01.2014 og 12.02.2014 vart godkjent.

PS 29/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Vedtak

RS 21/14 Trafikksikringstiltak ved skular - svar på oversendingsforslag

RS 22/14 Søknad om statlig støtte og medvirkning til sykkel - VM - Bergen 2017

RS 23/14 Transaksjonskostnader - svar på oversendingsforslag

RS 24/14 Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag

RS 25/14 Infotavler ved vegstenging - Svar på oversendingsforslag

RS 26/14 Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 Melding til samferdselsutvalet A jour 06.03.2014

RS 27/14 Areal nytta til vegar i tettstader

RS 28/14 Jernbaneverkets handlingsprogram 2014 - 2023

RS 29/14 Kollektivstrategi for Hordaland - invitasjon til fagseminar 9. april 2014

RS 30/14 Oppdragsbrev - KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen. Meldingssak

RS 31/14 Årsrapport 2013 for fylkesveger i Hordaland

PS 30/14 Studentrabatt - enkeltbilletter over 7 soner

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet innfører ikkje studentrabatt på enkeltbilletter over 7 soner på nytt, men rår til at det vert gjort kjend at studentar og andre vaksne kan nytte Skysskortet og betale med reisepengar (KontantSkyss) for alle enkeltbilletter og på denne måten få 17 % rabatt på billetten uavhengig av reiselengde. Det same gjeld for billett-appen (område for eins takst) når betaling vert trekt frå mobilkonto.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Jostein Ljones sette på vegne av SP, A fram forslag til ny innstilling.

«Fylkesutvalet gjeninnfører 23% studentrabatt for enkeltreiser over 7 soner.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 8 røyster.
Jostein Ljones sitt forslag til ny innstilling fekk 5 røyster (A, SP, R) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet innfører ikkje studentrabatt på enkeltbilletter over 7 soner på nytt, men rår til at det vert gjort kjend at studentar og andre vaksne kan nytte Skysskortet og betale med reisepengar (KontantSkyss) for alle enkeltbilletter og på denne måten få 17 % rabatt på billetten uavhengig av reiselengde. Det same gjeld for billett-appen (område for eins takst) når betaling vert trekt frå mobilkonto.

PS 31/14 Bømlopakken - Gang- og sykkelveg langs Fv 542 Stokkabekken/Siggjarvåg - ny løysing treng godkjenning

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at delprosjektet Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg skal byggast med gang- og sykkelveg, som ein del av Bømlopakken.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at delprosjektet Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg skal byggast med gang- og sykkelveg, som ein del av Bømlopakken.

PS 32/14 Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - utsetjing og vidare framdrift

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek sak om utsetjing til orientering.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Gunnar Bakke sette fram slikt forslag på vegner av H, V og Frp:

«Fylkesutvalet ønskjer ikkje ei utsetjing av planprogrammet, men ber om at utredningar frå Jernbaneverket sin KVU blir vurdert i den vidare planprosessen.»

Røysting

Bakke sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (H, Frp, KrF, V og MDG) mot 3 røyster (Ap) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling

Fylkesutvalet ønskjer ikkje ei utsetjing av planprogrammet, men ber om at utredningar frå Jernbaneverket sin KVU blir vurdert i den vidare planprosessen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Utvalet la fram fellesforslag til ny innstilling.

«Fylkesutvalet ynskjer ei avklaring av planprogrammet innan 1. halvår 2014. Fylkesutvalet ber om at det vidare arbeidet vert koordinert med jernbaneverket sitt arbeid med logistikkutepunkt for Bergensregionen.»

Røysting

Utvalet sitt fellesforslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet ynskjer ei avklaring av planprogrammet innan 1. halvår 2014. Fylkesutvalet ber om at det vidare arbeidet vert koordinert med jernbaneverket sitt arbeid med logistikkutepunkt for Bergensregionen.

PS 33/14 Utviklingsplan for Skyss 2014 - Rullering

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner rullert Utviklingsplan for Skyss 2014

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner rullert Utviklingsplan for Skyss 2014

PS 34/14 Søknader frå Hordaland fylkeskommune om statlege tilskotsmidlar for 2015 for auka tilgjenge til kollektivtransporten

Forslag til innstilling

| | |
|----|---|
| 1. | Fylkesutvalet i Hordaland søker om tilskot frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge: <i>1. Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård. 2. Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet</i> |
| 2. | Fylkesutvalet vedtek at eigenandelen for dei av tiltaka/prosjekt som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskot til vert dekt over fylkesvegbudsjettet. |

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

| | |
|----|---|
| 1. | Fylkesutvalet i Hordaland søker om tilskot frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge: <i>3. Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård. 4. Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet</i> |
| 2. | Fylkesutvalet vedtek at eigenandelen for dei av tiltaka/prosjekt som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskot til vert dekt over fylkesvegbudsjettet. |

PS 35/14 Søknad om oppretting av 3 nye drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral BA

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert oppretta tre nye drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral SA.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert oppretta tre nye drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral SA.

PS 36/14 Omklassifisering av fylkesvegparcell på Søråshøgda i Bergen kommune til kommunal veg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at parcell av fylkesveg 108, hp 50 km 0,790-0,930 i Bergen kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.10.2014.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at parcell av fylkesveg 108, hp 50 km 0,790-0,930 i Bergen kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.10.2014.

PS 37/14 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.03.2014

Orienteringar

Olav Finne orienterte om status og utfordringar på fylkesvegnettet.

Det primære målet er å oppretthalda standarden på vegnettet og deretter å auka standarden. Det vil vera trong for ei ekstra løyving på om lag 150 mill kr per år for å oppretthalda standarden. I 2014 er det budsjettert med 72 mill kr til standardheving. Aktuelle område som vil krevje store kostnader framover er

- Tunnelar. Av dette er 43 tunnelar som er særskilde brannobjekt.
- Bruer. Mange bruer står framfor store vedlikehaldsoppgåver.
- Skilting og rekkverk. Viktige tiltak for trafikktryggleiken.
- Sikring av kantar.
- Drenering og dekke. Det tungt trafikerte vegnettet må prioriterast. Det kan medføra at ein del av det sekundære vegnettet vert kraftig nedkøyr.
- Ras og flaum. Ein del tunge tiltak må løysast gjennom rassikringsmidlar. Mindre tiltak må takast gjennom det lettare vedlikehaldet.

Orienteringa vart etterfylgt av spørsmål og innspel frå utvalet.

Oddmund Sylta orienterte om nytt frå Skyss, der fylgjande tema var oppe.

- Trafikktala på Nordhordlandsbåten dei fyrste 2 mnd.
- Ruteopplegg til/frå Kronstad i samband med opning av HIB. Det vert planlagt busshaldeplass på høgskuleområdet. Kapasiteten vert vesentleg auka.
- Ny linje 13 vart oppretta i samband med at DNB flytta til Solheimsviken.
- Bybana får 17 vogner i produksjon frå august 2014.
- Biogasshybridforsøk med 2 bussar a 24 m. Vert levert i løpet av hausten 2014. Det vert vurdert å nytta dei på den nye linja til Kronstad.
- Er i gong med mogelegheitsstudie for trolleybuss.
- Arbeidet med ny takst- og sonestruktur er i full gong, og vil bli lagt fram som sak i løpet av året.

Ymse

Svein Halleraker stilte fylgjande spørsmål.

Ferjesambandet på fylkesvegen mellom Stord og Kvinnherad.

Det er viktig med gode samband mellom dei to mest folkerike kommunane i Sunnhordland, dessutan er Leirvik regionsenter med sentrale funksjonar som m.a. sjukehus og tingrett. Dagen løysning med ein unødig lang ferjestrekning er ikkje bærekraftig og hemmar i vesentleg grad sambandet mellom ytre og indre deler av Sunnhordland.

Skjersholmane som er dagens ferjeleie på Stord-sida, blei etablert som ei midlertidig ordning i 2001. Det er på høg tid at denne midlertidige ordninga vert erstatta av ei permanent og langt meir hensiktsmessig løysning.

Det er gjort fleire utgreiingar om nytt ferjeleie, men så langt er det ikkje konkludert. Det er også på Kvinnheradsida gjort utgreiingar med sikte på å korte ned ferjestrekninga mest mogleg.

Planprosessen for ferjefri E39 er nå starta opp, denne vil omfatta påkoplingspunkt for tverrsambanda inn mot E39. Dette aktualiserar spørsmålet om ny trase for fergestrekninga Stord - Kvinnherad.

Korleis ser Hordaland Fylkeskommune sin rolle i dette og kva initiativ vil fylket som vegeigar ta i samband med dette?

Ber om skriftleg svar til neste møte i samferdselsutvalget.

Gustav Bahus synte til at KURE har vedteke ein plan som inneber at nytt ferjeleie skal lokaliserast på Skjelnesodden utan at SAMU har vore inne i saka.

Fleire i utvalet tok opp det paradoksale i at viktige saker som har tilknytning til samferdsel kun vert handsama i KURE. Det vart teke til orde for at slike saker også må handsamast i SAMU.

Svein Halleraker hadde vore til stades på møte i KURE og orienterte om sakshandsaminga.

Stein Inge Ryssdal tok opp fylgjande saker.

Kø på Danmarks plass

Sørggåande trafikk på Danmarks plass har ein tendens til å stua seg opp, og han meinte at feltskifte var mykje av årsaka til dette. Han ba om at det vart vurdert tiltak som t.d. forbod mot feltskifte.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Sak om inndraging av drosjeløyve

Han synte til innslag i lokalradioen i dag der denne saka var tema, og ba om ei orientering.

Rolf Rosenlund orienterte om saka der det er ein rettskraftig dom som har gjeve fylkeskommunen rett til å trekkja tilbake to drosjeløyve frå ein løyvehavar i Bergen. Bakgrunnen for dette er at retten fann at løyvehavaren har sett drifta av løyva bort til andre. Administrasjonen arbeidar med tilsvarande saker hjå ein del andre løyvehavarar tilknytt Bergen Taxi.

Status på saka om regionalt bompengeselskap.

Thorbjørn Aarethun opplyste om at ein er i gong med slutfasen av utgreiingsarbeidet for eit regionalt bompengeselskap. Når rapporten er ferdig må ein ta stilling til den vidare prosessen opp mot sentrale styresmakter og vidare fylkespolitisk handsaming.

Sambruksfelt på innfartsårene

Håkon Rasmussen orienterte om siste nytt i denne saka der vegdirektoratet har bestemt at det som ei forsøksordning kan opprettast sambruksfelt i Fjørangerveien på strekninga Fjøsangerkrysset –X Kanalveien.

Eli Berland ba om å få ei orientering på neste møte om arbeidet i gruppa for innfartsparkering.

Håkon Rasmussen orienterte kort om status, og vil koma attende på neste møte med ei breiare orientering.

Eli Berland tok og opp at Høgre no ikkje var representert i gruppa ettersom Torill Eidsheim er ute.

Utvalet vedtok at Eli Berland går inn i gruppa for Høgre.

Alf Helge Greaker tok opp fylgjande.

Mogleg helikopterbase Sørstokken

Ved Sørstokken har lufthamnselskapet engasjert Asplan Viak til å utarbeida ein rapport som viser kva moglegheiter Stord lufthamn har som framtidig helikopterbase. Føremålet med rapporten er å sjå om lufthamna kan avlasta Bergen lufthavn, Flesland med helikopterflyging til/frå oljeplattformene i Nordsjøen. Asplan Viak skal ha starta arbeidet og det er visst venta at endeleg rapport vil føreliggja innan utgongen av februar 2014.

Samferdselsutvalet ber om å bli orientert om status i prosessen og kva som eventuelt skjer vidare.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Bybaneutbygginga

I media rett over nyttår var det oppslag om forsinkelsar i Bybane-utbygginga mot Flesland. Det er viktig at utbygginga og entreprenørane planlegg og koordinerer seg og har ei gjensidig forståing av det som skal gjennomførast. Representanten ber om ei orientering om korleis samarbeidet mellom entreprenør og utbyggjar er per i dag, og korleis forseinkinga blei løyst.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Silja Ekeland Bjørkly tok opp fylgjande.

Synter til rapportar om luftforureining i Bergen i åra framover. Kan det finnast tiltak utover det som Skysst har skissert på kollektivsida for å betra på situasjonen på kort sikt. Ber om å få oppdatert oversikt over kjeldene for forureininga.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Arild Borgen frå felleslista Rødt/SV tok opp fylgjande.

A) Er det rett at fylkespolitikarane ikkje er invitert til å gje høyringsuttale til førebuing av reutlysingen av kontrakten Halhjem- Sandvikvåg?

E39 Halhjem-Sandvikvåg er ein svært viktig del av vegsambandet langs Vestlandet. Uansett planar for ferjefri veg i framtida er det førebuing av reutlysingen av kontrakten. I svært mange år vil hensynet til framkommelegheit, miljøutslepp og kostnad for ferjesambandet vera viktig.

1. Er det rett at HFK ikkje har sendt høyringsuttale?
2. Dersom svaret på spørsmål 1 er JA: Kva er grunnen til at administrasjonen ikkje har lagt saka fram for politiske behandling?

B) Ny app for billett kjøp

BT 1. februar skriv at «De fleste som betaler bussen med Skysst mobilapp denne helgen, vil få seg en overraskelse. Prisen har gått opp fra 29 til 31 kroner for voksne. Det til tross for at Skysst har reklamert med at prisen skulle settes ned fra 1. februar, til 25,80.»

I artikkelen seier talskvinna frå Skysst at «Prisen kommer an på hvordan du betaler. Du må fylle på og betale fra mobilkonto»

1. Er dette i tråd med Fylkestinget sin vedtekne prispolitikk?
2. Er forskjellbehandlingen lovlig?

C) Utslepp av NOx frå skip i Bergen hamn

Supplybåtar frå offshorenæringa bidreg sterkt til helseskadeleg luftforureining i Bergen. Kvar båt slepp ut nitrogenoksider tilsvarande 4800 privatbilar. I 2010 blei det slept ut 281,1 tonn nitrogenoksider frå supplybåtar i hamna ifølgje BT. Fylkestinget har i Regional transportplan Hordaland 2013–2024 med vedtak s. 75 vedteke: «Null-visjon for lokal luftforureining: Forureininga skal ikkje overskrida dei lovfesta grenseverdiane.»

Vil administrasjonen leggja fram sak med forslag til tiltak i saka i tråd med føring som Fylkestinget har gjeve?

D) Bergsdalsvegen

Ber om at fylkesrådmannen vurderer kva utfordringar som trengst for å oppgradera vegen til Bergsdalen.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar på spørsmåla.